

Paul Harris Fellow:

Heiderspris til Rotary-veteran



Gunnar Riise vart heidra med den gjævaste utmerkinga i Rotary International, då Hareid Rotaryklubb heldt sitt siste møte før sommarferien, måndag forrige veke.

- Då medlemmane i Hareid Rotaryklubb sette seg ved det rekedekte bordet i Pakkhuset på Brandal for å gjennomføre det siste møtet før sommaren, var det få som viste om kva for ei utmerking som skulle delast ut. Hovudpersonen sjølv var heilt uvitande om det som skulle skje.

Dette siste møtet i Rotary-året er allereie spesielt av den grunn at president-vervet overleverast til den påtroppande presidenten. Denne gongen gjekk vervet frå Eileen Hareide Brandal til Sverre Jarl Ulstein.



I samband med president-skiftet takka Hareide Brandal styret og resten av klubben for eit spennande og lærerikt år. Den påtroppande presidenten gler seg til å ta fatt i vervet og det komande året, med oppstartsmøte 7. august.

52 års fartstid i Hareid Rotaryklubb



Utdelinga av Paul Harris Fellow-prisen, den gjævaste utmerkinga i Rotary International, var likevel i fokus under dette møtet. Æresvisinga, som delast ut til enkeltpersonar som har bidrege med samfunnsnyttig arbeid i lang tid, gjekk til ein som var prisen verdig.



Gunnar Riise var ein av 18 menn som var med å starte Hareid Rotaryklubb i 1965. Av dei 18 er han den einaste som framleis er med i klubben. Rotary-veteranen har med det vore aktiv i klubben i heile 52 år.

Prismottakaren vart fødd på Bigset i 1936 og har så langt levd eit liv rikt på opplevingar. Som ung fekk han vere med selfangaren Polarstar både til USA og til Canada. I USA oppheldt han seg seinare i fire år, då han i 1960 fekk arbeidsløyve og jobb i Chicago. Fram til 1964 veksla han mellom ulike stillingar i United Airlines, og mellom hovudkvarteret i Chicago og vedlikehaldsbasen i San Francisco. Under tida i USA vart dottera Unni Riise Apelseth fødd.



Rundt 1964 vart far hans, kjøpmannen Karl Riise, sjuk. Det gjorde at familien returnerte til Noreg. Planen var eigentleg å etablere seg i San Francisco, men av ulike grunnar enda familien opp med å busette seg på Geilane i 1965. I kjellaren i huset på Geilane dreiv Riise daglegvarehandel i 7 år, før han seinare tok til å arbeide i trafikkskulen som syskenbarnet, Svein Riise, hadde starta.

I tillegg til å ha vore ein aktiv bidragsytar i Hareid Rotaryklubb i over 50 år, har Gunnar Riise fleire verv og engasjement. Han har mellom anna vore politisk aktiv og sitte i kommunestyret på Hareid i fire periodar. Dette har han kombinert med interessa for golf, der han har vore med å både starte og utvikle Sunnmøre Golfklubb.

– Meir passivt, enn aktivt no då, men, lèt det stille frå Paul Harris Fellow-mottakaren.

Med eit pågåande og breitt engasjement i lokalsamfunnet på Hareidlandet over lengre tid, er det vel ingen tvil om at Gunnar Riise er ein verdig mottakar av denne heidersprisen.



[Ragnhild Vartdal ragnhild@vikebladet.no](mailto:ragnhild@vikebladet.no)

Publisert: 03.07 2017 20:13 Sist oppdatert: 03.07 2017 20:13